# Innovasjon Norge som støttespiller for småskala grønt-produsenter

WEBINAR 17.11.2021

Bondens marked Norge v/Randi L. Gjertsen
randi@bondensmarked.no
Frøydis Lindén
fmhofli@statsforvalteren.no



# Treårig **samarbeidsprosjekt** (2021-24)

- **Marked + kunnskap + nettverk**

  Bondens marked Norge (prosjekteier), Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag (REKO), Norsk Landbruksrådgivning, Økologisk Norge (andelslandbruk), Statsforvalterne i Vestland, Oslo/Viken, Vestfold/Telemark og Trøndelag.

- **Flere andre vil bli invitert** med på laget, både grønnsaksprodusenter, forskere og regionale aktører.

- Støtte fra Landbruksdirektoratet



# Aktiviteter

**Lage kursmodell som fylkene kan arrangere lokalt** piloter igang

**Lage nasjonalt nettverk og samlinger**

7. Des. - Nettverkssamling med Andelslandbruksprosjektet – Oslo + webinar

**Drive fram forskning og utviklingsprosjekter**

8. Des – FOU-samling - Oslo

**Samle og spre informasjon:**

Nyhetsbrev til alle interesserte – abonner på nettsiden!




Robust Småskala Grønt
markedshage.no

Innovasjon Norge

# Marknadshagar og småskala grønt

Kjell Bruvoll,
Spesialrådgjevar landbruk, hovudkontoret



# Tenestetilbodet til Innovasjon Noreg



# Landbruks*oppdraget* og landbruks*området*

## Landbruksoppdraget 2021

DET KONGELEGE LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

| Kapittel og post | Ordning | Beløp mill. kroner |
|---|---|---|
| 1142.78 | Omstillingsmidlar pelsdyrnæringa | 43,50 |
| 1150,50 | Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket | 97,00 |
| 1150,50 | Investering og bedriftsutvikling i landbruket | 664,50 |
| 1150,50/1151,51 | Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og utvikling[1)] | 99,50 |
| **SUM** | | 904,50 |

1) 8,2 mill. kroner er løyvd over kapittel 1151, post 51 og er øyremerka den reindriftsbaserte delen av Utviklingsprogrammet.

## Landbruksområdet i IN



Innovasjon Norge

# Styring/koordinering

- Økonomiske rammer og overordna føringar i Jordbruksavtalen
  - Oppdragsbrev til IN frå Landbruks- og matdepartementet
- Regional partnarskap fastset regionale prioriteringar innan ramma av nasjonal politikk
  - Oppdragsbrev frå fylkeskommunane til IN RK for regionale midlar

**Landbrukspolicy IN**

- Ivareta at regionale føringar er innan nasjonal politikk
  - Fastsett årleg
- Marknad jordbruksvarer = Nasjonal marknad
  - Vore viktigast for husdyrproduksjonar
  - Marknadsregulering og marknadsutfordringar
  - Unngå «Skitt i Norge – Leve Toten»
  - Grøntsatsinga – må også vera marknadsbasert
  - Eins praksis og vurdering
- Berekraft
  - Økonomi
  - Sosialt/samfunnsansvar
  - Klima/miljø


DET KONGELIGE LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

**Prop. 200 S**

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet 2021 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2021 m.m.)


DET KONGELEGE LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Innovasjon Norge
Postboks 448 Sentrum
0104 OSLO


Trøndelag fylkeskommune
Seksjon Næring

INNOVASJON NORGE
Postboks 448 Sentrum
0104 OSLO


Innovasjon Norge

Policy og retningslinjer for landbruksvirkemidler 2021.







Bergens Tidende 13.09.19

# Lokalmat og småskala grønt/marknadshagar – parallellar

**Lokalmat og -drikke**
- Satsinga starta også i det små
- Ikkje alle som hadde like stor tru på den
- Fantastisk utvikling
  - Omsetnad
  - Produktmangfald

**Småskala grønt/marknadshagar**
- Utfyller volumproduksjonen
- Marknadspotensial
- Ikkje berre bynære strøk

**Same utfordringar**
- Marknad
- Logistikk
- Prising

- Utnytte erfaringar frå lokalmatsuksessen




www.norskmat.no



www.bondensmarked.no

# Småskala grønt/marknadshagar

## 2020/2021 – øyremerka nasjonale midlar

- 20 mill. kroner 2020/2021
- «Andre» sine pengar – treng ikkje prioritere av rammene til fylket
- mjuke og harde investeringar
  - Utvikling av lokale marknader
  - Kompetansetiltak
  - Dyrkingsfelt
  - Kjøle- og lager

**Målgruppe**

- Eigar av landbrukseigedom + annan person med særskilt tilknyting til eigedommen som ektefelle, sambuar, eldre og neste generasjon.
- Ikkje same krav til vesentleg del av inntekt og sysselsetting som for ordinære prosjekt.

## 2022 - del av fylkesvise midlar

- Fylkets «eigne» pengar - prioriteringar i partnarskapen
- I konkurranse mot lausdriftskrav, små og mellomstore bruk, korntørker m.v.
- Same verkeområde som i 2020/21
- Sannsynleggjere potensial


Foto: Maria Berg Hestad

## Takk for meg!

Kontakt din lokale eining i Innovasjon Norge dersom du har spørsmål etter dette webinaret.

# Erfaringer med søknadsprosess til Innovasjon Norge hos Grønt frå Grindal

Sigurd Vassenden, 17.11.2021

# Grønt frå Grindal



- Markedshage i Rennebu, Trøndelag
- 2,3 daa + ca 100 solbærbusker
- Etablert høsten 2018
- Samarbeid med Grindal Ysteri



# Grønt frå Grindal

- Omsetning 2021: ~ 350.000,- eks. mva
- Salg
  - Restaurant (60-70%)
  - Reko (ca 20%)
  - Abonnement og salg lokalt (ca 10%)





# Behov startfasen

- Markedsundersøkelse
  - Finne ut udekte behov og nisjer
  - Kundekontakt - hva har kunden behov for
  - Ikke markedsføring
- Kompetansebygging
  - Kurs, bøker
  - Hospitering og/eller mentor



# Behov etableringsfasen

- Anlegge hagen
- Vanningssystem
- Utstyr og redskap til drifta
- Drivhus og tunnel
- Vaske- og pakkestasjon
- Kjølerom





# Framtidige behov

- Forbedre eksisterende drivhus
- Utvide kjølekapasitet
- Forbedre og utvide vanningsanlegg
- Bygge nytt drivhus
- Utvikle foredla produkter
- Etablere fruktproduksjon



# Søknadsprosess

- Møte med rådgiver - sammen med Grindal Ysteri
- Møte med landbrukskontoret i kommunen
- Skreiv søknad med rådgiving underveis fra IN
- Fikk 49% støtte —> 215.000,-
- Utbetaling i tre trinn - 50% - 25% - 25%
- Sluttrapport

# Erfaringer

- IN er interessert i utvikling og verdiskaping på bygda og vil hjelpe

- Vektlegg tilleggsproduksjoner og -tjenester som kommer av drifta
  - foredling, kurs, undervisning, småplantesalg osv..

- Vektlegg sysselsetting og innovasjon

# Erfaringer

- Kalkyler - av de 5-10 viktigste grønnsaker og produkter/tjenester
  - Viktig å ha mål for lønnsomhet og ha realistiske mål
  - Ha «høye» priser

- Lag skriftlige intensjonsavtaler
  - kunder (forventa salgsvolum)
  - hospitering hos andre produsenter/mentor
  - samarbeidspartnere

# Lykke til!

Innovasjon Norge

# Innovasjon Norge Vestland – slik gjer vi det…

## Støtte til etablering av småskalaproduksjon av grønsaker, frukt og bær

**Webinar 17. november 2021**

**Vemund Aartun, seniorrådgjevar**

Foto: Bård Basberg/Loen Skylift

Innovasjon Norge

# Faser i etablering av næringsverksemd

## Driftsfase

Støtte til

- Tiltak som fremjer vekst og utvikling
- Større fysiske investeringar

## Etableringsfase

Støtte til

- «mjuke kostnader» - utviklingskostnader, marknadsundersøking, kompetanseheving
- Mindre fysiske investeringar



# Aktuelle spørsmål/tema i samband ved søknad om støtte til småskala grønt:

**Første kontakt - etableringsfasen: etablering av dyrkingsfelt, viltgjerde, kompetanseheving, mentor og mindre fysiske investeringar**

- Eig du ein *landbrukseigedom* eller har særskild tilknyting til landbrukseigedom (ektefelle/sambuar, yngre/eldre generasjon)?
- Kva *bakgrunn* har du som er relevant for planlagt produksjon?
- Har du tatt *kurs* innan grønsaksproduksjon?
- Har du vore i kontakt med *Norsk Landbruksrådgiving*; tatt jordprøver og fått vurdert mikroklima (temperatur, lys, etc)?
- Har du vore i kontakt med potensielle *kundar*? Kva seier dei om sine behov for grønt?
- Har du kontakt med *andre småskalaprodusentar*? Kven kan evt vere aktuell *mentor* for deg?
- Drøfte utviklingstiltak og fysiske investeringar som ein planlegg å gjere i etableringsfasen.

**Neste søknad – driftsfasen: fysiske investeringar i vatningsanlegg, kjølelager, tunellar/veksthus, produksjonslokaler etc.**

- Samtale om *sluttrapport frå etableringsfasen* – erfaringar frå etableringa i høve plan / oppnådd produksjon, kundar og omsetning.

Drøfte:

- *Planar vidare* for produksjon, framtidige kundar og driftsbudsjett - og tiltak for å oppnå dette.
- *Arbeidsomfang* i produksjon og logistikk/leveranse av produkta.
- Planar om *nye investeringar og produkt- eller tenesteutvikling*

# **Retningslinjer for støtte**
# Innovasjon Norge **Vestland**

Innovasjon Norge Vestland
Oppdatert 5. november 2021

## Retningslinjer for etablering av småskalaproduksjon av grønsaker, frukt og bær

Det kan ytast tilskot til nyetablering eller til ny småskalaproduksjon som tilleggsproduksjon på gardsbruk.

**Kven kan få finansiering**
Støttemottaker må vere eigar eller medeigar av landbrukseigedom eller registrert føretak, og som rekneskapsfører prosjektet og støtta i sitt rekneskap. Andre personar med særskild tilknytning til eigedomen som f.eks. ektefelle, sambuar, eldre eller neste generasjon kan også vere støttemottakar.

På gardsbruk der grøntproduksjon utgjer eller vil kunne bli ein vesentleg del av inntekta, kan det løyvast tilskot til utvikling av småskala grøntproduksjon. Det er eit krav at søkjaren bur på eller nært garden, og at ressursgrunnlaget for verksemda er knytt til bruket og bygda.

**Kostnader som kan godkjennast**
Utviklingstiltak, marknadsarbeid, kompetanseheving, mentor, etablering av dyrkingsfelt, viltgjerde, veksthus, kjøle- og lagerrom, produksjonslokaler, utvikling av berekraftig emballasje, med meir.

**Støttesatsar**
Til utviklings-, marknads- og kompetansetiltak kan det ytast inntil 75 % tilskot, men normalt blir det gitt inntil 60 % tilskot.

Det kan ytast inntil 35 % tilskot til etablering av dyrkingsfelt, bygningsmessige og tekniske investeringar, men normalt blir det gitt inntil 25 % tilskot. Ved søknad om støtte til etablering av frukt- og bærfelt og viltgjerde, gjeld satsar i tabell på side 2 i dokumentet.
Til økologisk dyrking kan det løyvast inntil 50 % tilskot til etablering av dyrkingsfelt, planting av frukt og bær, men normalt vert det gitt inntil 40 % tilskot.

**Eigeninnsats**
Inntil kr 350,- per time for manuelt arbeid og inntil kr 800,- pr time for eigen traktor/gravemaskin med førar. Det er kun eigeninnsats til søkjar/støttemottakar og evt. ektefelle/sambuar som blir godkjent i prosjektet.

**Korleis søkje om støtte?**
Søknaden, som skal sendast elektronisk til Innovasjon Norge, fyllast ut på www.innovasjonnorge.no. Klikk på menyval om Landbruk deretter Tilleggsnæring. Søknadsskjema ligg nederst på nettsida. Ta kontakt med landbruksetaten i kommunen for hjelp med søknaden. Tiltaka i prosjektet skal ikkje vere starta opp før Innovasjon Norge har handsama og avgjort søknaden.

**Bruk gjerne rådgjevarar frå rettleiingstenesta i planlegginga**
Sjå nettsida til Norsk Landbruksrådgiving: https://vest.nlr.no/ansatte?reg=vest

**Vedlegg for søknad om støtte ved etablering av småskalaproduksjon av grønsaker, frukt og bær**
√ Informasjon om søkjar; utdanning, yrkeserfaring og kompetanse innan planlagt produksjon.
√ Fagleg vurdering (Norsk Landbruksrådgiving) om areal som skal nyttast til grønsaker, frukt og bær.
√ Kart som viser etablering av småskalaproduksjon https://gardskart.nibio.no/search
√ Plan og kostnadsoverslag for etablering; marknadsundersøking, kompetanseheving og mentor.
√ Plan og kostnadsoverslag for dyrking av grønsaker; etablering av dyrkingsfelt, tal bed, sortar og evt dekkvekstar.
√ Dekningsbidragskalkyle for grønsaksproduksjon, sjå Handbok for driftsplanlegging
√ Driftsbudsjett for planlagt produksjon, gjerne for 3 år.

Innovasjon Norge Vestland
Oppdatert 5. november 2021

√ Investerings- og finansieringsplan for småskalaproduksjon

√ Kopi av avtaler for leigd areal. Leigeavtaler skal vere på minimum 10 år.
√ Næringsoppgåve for førre inntektsår.
√ Skattemelding til søkjar, og eventuelt til sambuar/ektefelle, for førre inntektsår.
√ Stadfesting om lån frå bank, i prosjekt som delvis skal finansierast med lån.

I søknader om etablering av småskala produksjon treng ein ikkje legge ved produksjonsplan frå marknadsaktør. Krav til dokumentasjon kan variere med storleik på prosjekt og kor langt søkjaren har kome i etableringa.

**Godkjenningar frå kommune og Debio**
Om prosjektet må ha byggjeløyve, skal byggeløyve leggast ved søknaden.
Ved søknad om støtte til økologisk produksjon, skal dokumentasjon frå Debio om at arealet er godkjend for økologisk produksjon, leggast ved søknaden. Om Debio-godkjenning ikkje er klar på søknadstidspunktet, må ein dokumentere at ein er i prosess og godkjenning skal sendast til Innovasjon Norge innan sluttutbetaling av tilskot.

**Kontaktpersonar**
May Britt Otterlei, Innovasjon Norge Vestland, avd Bergen
E-post: may.britt.otterlei@innovasjonnorge.no Tlf: 906 11 632

Vemund Aartun, Innovasjon Norge Vestland, avd Sogndal
E-post: vemund.aartun@innovasjonnorge.no Tlf: 992 93 696

Innovasjon Norge

# Avtale om mentor



## Avtale om mentor for småskalaprodusentar av grønt

Avtale mellom : mentor ............................................................
og
ny produsent ............................................................

1. **Bakgrunn:** Avtalen skal nyttast i samband med etablering av småskalaproduksjon av grønt; grønsaker, frukt og bær, støtta av Innovasjon Norge.

2. **Lengde:** Avtalen gjeld inntil samla honorar er disponert, eventuelt inntil Innovasjon Norge sin frist for gjennomføring av prosjektet: ......... /......... / 202_

3. **Ramme for avtalen:** Ny produsent skal etablere produksjon av grønt på eigen eigedom i løpet av avtaleperioden.

   Mentor skal gje ny produsent rettleiing innan etablering, planlegging, dyrking og logistikk av grønt. Vidare skal mentor gje rettleiing innan økonomistyring og marknadsarbeid. Mentor pliktar å følgje opp ny produsent i heile avtaleperioden med besøk på garden og møter på telefon/nett. Mentor skal innan dei økonomiske rammene for mentortenesta i punkt 6, tilpasse rettleiinga etter behova til ny produsent.

   Mentor kan vere ein rettleiar i Norsk Landbruksrådgiving eller ein produsent av grønsaker, frukt eller bær. Mentor og ny produsent kan etter behov, trekkje inn andre rettleiarar. Honorar til andre rettleiarar skal inngå i avtalt samla honorar til mentor, sjå punkt 6.

   Val av mentor skal gjerast i samarbeid med Innovasjon Norge Vestland, og Innovasjon Norge Vestland skal godkjenne endeleg val av mentor.

4. **Forventingar til mentor og ny produsent**

   a. Ny produsent sine forventingar til mentor
   *Skriv inn forventingar, til dømes om praktisk gjennomføring av avtalen eller konkrete behov for rettleiing*
   b. .
   c. .
   d. .
   e. .
   f. .
   g. .
   h. .
   i. .

   j. Mentor sine forventingar til ny produsent
   *Skriv inn forventingar, til dømes om praktisk gjennomføring av avtalen*
   k. .
   l. .
   m. .
   n. .
   o. .
   p. .
   q. .
   r. .



5. **Plan for arbeidet:** Mentor og ny produsent skal lage ein felles plan for arbeidet. Forslag til oppsett av plan følgjer i vedlegg 1.

6. **Honorar og utbetaling:** Honorar for tidsbruk til førebuing, reise og rettleiing utgjer inntil kr 700,- pr time, eks mva. Mentor får dekkja reisekostnader etter staten sine satsar. Samla honorar og reisekostnader kan totalt utgjere inntil kr 30 000,-. Ny produsent utbetaler honorar og reisekostnader til mentor på grunnlag av faktura med timelister og reiserekningar frå mentor.

7. **Oppfølging og kontroll:** Mentor og ny produsent skal skrive ein sluttrapport etter at avtalen er fullført, som skal sendast til Innovasjon Norge i lag med dokumentasjon for sluttutbetaling. Forslag til oppsett for rapport følgjer i vedlegg 2.

   Mentor skal føre timeliste for førebuing, telefon-/nettmøter, reiser og besøk på ny produsent sin eigedom, med informasjon om arbeidsoppgåver som er gjennomført. Tilsvarande skal ny produsent føre ein logg for arbeidet, til dømes for besøk på mentor sin eigedom med informasjon om arbeidsoppgåver som er gjennomført. Timelistene med arbeidsoppgåver og reiserekningar skal følgje sluttrapporten for etablering av småskalaproduksjon av grønt.

8. **Teieplikt:** Mentor og ny produsent pliktar å handsame all informasjon om forretningsdrifta til den andre parten fortruleg. Teieplikta omfattar informasjon om interne bedriftstilhøve, kundar og samarbeidspartar.

   Mentor og ny produsent er kjend med at brot på teieplikta kan medføre erstatningsansvar for økonomisk tap som følgje av brot på teieplikta. Vidare er mentor og ny produsent kjend med at teieplikta også gjeld etter at oppdraget er avslutta. Teieplikta omfattar ikkje reint faglege erfaringar frå mentortenesta.

9. **Kommunikasjon:** Innovasjon Norge kan kontakte mentor og ny produsent, dersom det er ønskjeleg å marknadsføre vellukka mentortenester. Mentor og ny produsent avgjer kva slags informasjon som dei ønskjer å dele om mentortenesta.

10. **Tvist:** Usemje om gjennomføring av avtalen kan drøftast med Innovasjon Norge. Om ein ikkje oppnår semje er partane samde om at avtalen opphøyrer utan økonomisk ansvar for nokon av partane. Eventuelt medgått tid frå mentor si side skal godtgjerast i høve punkt 6, Honorar og utbetaling.

11. **Oppseiing av avtalen:** Avtalen kan seiast opp skriftleg av ein eller begge partar med minimum ein månads varsel. Innovasjon Norge skal varslast ved endringar eller oppseiing av avtale.

12. **Signatur**

   **Stad og dato:**..............................................................................

   ............................................................ ............................................................
   mentor ny produsent

Kopi av signert avtale sendast til Innovasjon Norge: post@innovasjonnorge.no

Innovasjon Norge

# Tilskot til *økologisk* småskala grøntproduksjon, eksempel:

| | Godkjende kostnader | Støttesats | Tilskot |
|---|---|---|---|
| • Marknadsundersøking, marknadsarbeid | 20 000 | 60 % | 19 200 |
| • Kompetanseheving, kursavgift og reisekostnader | 15 000 | 60 % | 9 000 |
| • Mentor | 30 000 | 100 % | 30 000 |
| • Etablering av dyrkingsfelt for grønsaker, 3 daa | 96 000 | 40 % | 38 400 |
| • Viltgjerde, 800 meter | 80 000 | 25 % | 20 000 |
| • Etablering av kompostplass | 20 000 | 25 % | 7 500 |
| • Investering i veksthus til oppal av planter | 120 000 | 25 % | 38 750 |
| • **Sum godkjend kostnad og tilskot** | **408 000** | **37 %** | **162 850** |

Innovasjon Norge

# Sjekkliste
# ved søknad om støtte til etablering av småskalaproduksjon av grønsaker, frukt og bær

√ Informasjon om søkjar; utdanning, yrkeserfaring og kompetanse innan planlagt produksjon.
√ Fagleg vurdering (Norsk Landbruksrådgiving) om areal som skal nyttast til grønsaker, frukt og bær.
√ Kart som viser etablering av småskalaproduksjon https://gardskart.nibio.no/search
√ Plan og kostnadsoverslag for etablering; marknadsundersøking, kompetanseheving og mentor.
√ Plan og kostnadsoverslag for dyrking av grønsaker; etablering av dyrkingsfelt, tal bed, sortar og evt dekkvekstar.
√ Dekningsbidragskalkyle for grønsaksproduksjon, sjå Handbok for driftsplanlegging
√ Driftsbudsjett for planlagt produksjon, gjerne for 3 år.

√ Kostnadsoverslag for fysiske investeringar, utarbeidd på av Norsk Landbruksrådgiving, entreprenørar, leverandørar eller innhenta pristilbod.

√ Investerings- og finansieringsplan for småskalaproduksjon

√ Kopi av avtaler for leigd areal. Leigeavtaler skal vere på minimum 10 år.
√ Næringsoppgåve for førre inntektsår.
√ Skattemelding til søkjar, og eventuelt til sambuar/ektefelle, for førre inntektsår.
√ Stadfesting om lån frå bank, i prosjekt som delvis skal finansierast med lån.

√ Debio-godkjenning, stadfeste prosess evt innsending av Debiogodkjenning før sluttutbetaling av tilskot.

Innovasjon Norge

# Kva legg Innovasjon Norge Vestland vekt på i sakshandsaminga?

- **Gjennomarbeidd søknad**

- Føresetnader som etableringa bygger på «heng i hop», til dømes nivå på:
  - eigeninnsats, kostnader, salsinntekter, kundar og omsetnad.

- **Gjennomføringsevna til søkjaren**

- Relevant erfaring/utdanning.
- Tidlegare oppnådde resultat; yrkeserfaring, kundekontakt, driftsresultat, etc.

- **Lønsemd og ressursgrunnlag**

- Landbrukstilknyting: eigar av landbrukseigedom eller person med særskild relasjon til landbrukseigedom.
- Ressursgrunnlaget; lokalisering av gardsbruket i høve marknaden, vekstvilkår, kvalitet på areal.
- Bedriftsøkonomisk lønsemd i prosjektet.

- Støtte skal ha utløysande verknad for gjennomføring.
- Inntekt frå landbruket skal vere ein vesentleg del av samla inntekt til søkjar.

# Søknad og saksgang

- Elektronisk søknad - www.innovasjonnorge.no
  Velg menyvalet "Landbruk" og "Tilleggsnæring".
Søknadsskjema ligg nederst på nettsida.

- Planleggjarar kan hjelpe til i planleggings- og søknadsprosessen, eller søkjaren gjera det sjølv.
- Kommunen uttaler seg om søknaden.
- IN sitt distriktskontor handsamer søknaden og løyver tilskot til prosjektet.
- Prosjektperiode inntil 3 år.




**Arbeid i prosjektet skal ikkje vere starta opp før Innovasjon har fatta vedtak og løyvd tilskot.**

# Lukke til med planane!

**Takk for meg ☺**

**Kontaktpersonar**
Vemund Aartun, Innovasjon Norge Vestland, avd Sogndal
E-post: vemund.aartun@innovasjonnorge.no Tlf: 992 93 696
May Britt Otterlei, Innovasjon Norge Vestland, avd Bergen
E-post: may.britt.otterlei@innovasjonnorge.no Tlf: 906 11 632